



Aukra kommune



SEEK AND FIND

Informasjon til ungdommene

Kort om spelet:

Enkelt fortalt er dette ein gøymeleik som går føre seg ei heil natt i eit avgrensa skogsområde i Aukra-skogen. Deltakarane melder seg på i lag. Ved frammøte klokka 19.00 får laga utlevert ein konvolutt med nødvendig informasjon. Deretter følges dei ut i skogen av ein vaksen og etablerer ein leir. Spillet startar klokka 22.00. Alle må opphalde seg i eigen leir til sjølve spillet startar. Eit kodekort henges da opp i leiren på ein godt synleg stad. Spillet går ut på å finne dei andre leirane og notere ned flest moglege kodar i løpet av natta, samtidig som så få som mogleg skal finne deira eigen base. Sjølve spillet varer frem til laurdag morgen klokka 06.00 (då kan kodekorta tas ned i leiren). Utsjekking skjer i Aukra-hallen klokka 08.30. Det er ingen som blir slått ut av spillet – alle er med til siste slutt.

Stad:

Spillet går føre seg i Aukra-skogen med hovudbase på leikeplassen ved Aukra-hallen. Området vil vere godt merka. Aukra-hallen sine lokale med kjøkken og toalett er leigd for dette høvet. Dei vaksne får disponere kjøkkenet og det vil vere mogeleg å gå inn og varme seg.

Utstyr:

Utstyr som er viktig å ha med seg denne natta er telt eller presenning, ei lommelykt med gode batteri, fullt opplada mobiltelefon, sovepose, liggeunderlag, varme kler, regntøy, vanntette sko, mat og drikke. Noko av utstyret nemnt over er mogeleg å låne på BUA utstyrssentral i Aukra eller Hustadvika.

Målgruppe:

Ungdomsskoleelevar frå 8. - 10. trinn på Julsundet skole og Gossen barne- og ungdomsskole.





Aukra kommune



Arrangør:

Kulturavdelinga i Aukra i samarbeid med ungdomsskolane, skolehelsetenesta og SLT-koordinator.

Seek and Find - eit rusfritt arrangement

Vi ønsker å understreke at dette er eit rusfritt arrangement. Vi tek straks kontakt med foreldre dersom nokon har brote reglane.

Tidspunkt og gjennomføring

- Kl. 19.00: Oppmøte og registrering i Aukrahallen. Ein vaksen følger laget ut i skogen der ungdommen ønskjer å bygge sin leir.
- Kl. 22.00: Spillet startar, konkurransen er i gang
- Kl. 07.00: Nedrigging og rydding av leirane og området rundt
- Kl. 08.30: Utsjekking i Aukrahallen. Spillet er slutt. Utdeling av premiar

For å gjennomføre eit så stort arrangement, kjem vi til å vere mange voksne til stades for at det skal vere trygt for alle gjennom kvelden/natta.

For meir informasjon ta kontakt med:

Jenny Småge, tlf: 95147936

Bent-Rune Stangeland, tlf: 95148059

Rita Rydheim Hjellset, tlf: 48216755

